



Cathrine Nilsson og Ingemar Nilsson
Birthe Milson
Spiki 41
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/937 - 16/25794

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2016

Svar på søknad om dispensasjon fra avstandskravet til off. ledningsnett - Gbnr 108/577 Lindås

Teknisk drift syner til brev datert 16.09.2016 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett – gbnr 108/577 Lindås.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og ledning i tomtegrensa skal være minimum 3,2 meter.
- Garasje skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for at garasje vert påført skade ved utrasing av masser under drift og vedlikehald av kommunalt ledningsnett.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på garasje under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på garasjen under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av garasje må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser», VA norm for Lindås kommune, samt § 29-30 i Veglova at Teknisk drift, VVA, skal setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup).

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon fra avstandskravet til off. ledningsnett - Gbnr 108/577 Lindås

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved
driftsansvarleg veg

Mottakrar:

Cathrine Nilsson og Ingemar Nilsson Spiki 41

5955

LINDÅS